



Gloppen kommune

Plan og utgreiing

Medlem i landsbyrådet

Vår ref.

18/12777

Dato

19.10.2018

Referat frå landsbyrådet 11.september 2018

Møtedeltakarar: Bjarte Gangeskar, Solveig Lien Gusdal, Øystein Skinlo, Hanne Bergliot Oftedal, Roar Henden og Birte Fossheim

Forfall: Ingvill Hestenes og Knut Roger Nesdal

| Sak | Ansvar |
|---|-------------------|
| <p>1) Kort orientering frå nasjonal nettverksamling for landsbyer i Stjørdal</p> <p>Den 3. sept vart det arrangert samling for landsbyer i Stjørdal. Representantar frå Landsbyen Dokka, Ringebu, Randaberg, Flisa og Gloppen møtte. Distriktssenteret og Steinkjer kommune bidrog med faglege foredrag. Det er etablert ei facebookgruppe der alle foredraga er delt og tilgjengeleg. Alle i vårt landsbyråd er lagt til som medlem i dette nettverket. Det blei for lite tid til å dele erfaring mellom landsbyane på samlinga i år. Neste år vert det samling for landsbyer i Randaberg – Den grønne landsbyen – og då vil det bli lagt vekt på meir tid til presentasjon av den enkelte landsby sitt arbeid.</p> <p>Det er også oppretta ein informasjonskanal for Fjordlandsbyen Sandane på kommunen si heimeside. Her blir referata frå møte i landsbyrådet delt, i tillegg til artiklar og kunnskapsbygging omkring landsbyutvikling. Foredraga frå fagsamlinga i Stjørdal ligg tilgjengeleg her.</p> | |
| <p>2) Aktivitetsplan 2019</p> <p>Det vert jobba med ein aktivitetsplan for å aktivisere sentrum. Landsbyrådet sitt ansvar er tiltak som skapar bulyst og byggjer fellesskap for innbyggjarane. Eksempelvis vart det trekt fram at julegrantenning som butikkane har hatt ansvar for, er meir eit tiltak for å skape fellesskap enn at det er eit tiltak for handelsnæringa. Uavklart om landsbyrådet kan ta seg av dette arrangementet i år med omsyn til midlar.</p> <p>Viktig avklaringar i møte var å bli einig om omfang. Landsbyrådet meiner 1 laurdag i månaden er betre enn kvar laurdag gjennom sommarsesongen. Vi vil legge vekt på landsbylaurdagar som byggjer fellesskap for innbyggjarane i kommunen, og som</p> | Øystein/ Birte |

| Sak | Ansvar |
|---|--|
| <p>styrker samhald på tvers av kulturar (Ein rikare kvardag). Det vert laga eit utkast til aktivitetsplan til neste møte i landsbyrådet.</p> <p>Landsbyrådet vil jobbe med å få på plass felles infrastruktur. I Ringebu hadde dei ei bod midt i sentrum med alt som trengtes av telt, bord og lydanlegg for å lage landsbylaurdagar. Det senker terskelen for å få frivillige til å stille på.</p> <p>Landsbyrådet vil invitere kulturaktørar/næringsaktørar/lag og organisasjonar til å bidra inn mot landsbylaurdagar.</p> <p>Inspirert av dei andre landsbyane, så vart det diskutert ein årleg landsbykonferanse. Målgruppa vil vere lokalt næringsliv, kulturliv, butikkeigarar, kommuneadministrasjon, politikarar og engasjerte innbyggjarar. Målsettinga med ein slik konferanse er kunnskapsbygging lokalt om korleis utvikle ein berekraftig tettstad der det er teke klima- og miljøvennlege omsyn når det gjeld bygningar og transportsystem. Vidare er eit levande sentrum, lokal mobilisering, møteplassar viktig tematikk. Det har også vore etterlyst eit årleg innbyggjartreff. Kan dette la seg kombinere med ein landsbykonferanse?</p> <p>Det var delte meiningar om ei slik landsbykonferansen i 2019. Nokon meinte at det var for tidleg til at landsbyrådet skulle ta på seg eit slikt arrangement i første halvdel av 2019. Det var likevel stemning for å lage eit ideutkast til program til neste møte i landsbyrådet.</p> | <p>Birte/Hanne/Øystein</p> <p>Birte</p> |
| <p>3. Budsjett 2019</p> <p>Det vert søkt kommunen om midlar i budsjettet for 2019 til tettstadutvikling som landsbyrådet og andre utviklingslag i kommunen kan søke på.</p> <p>Til fylkeskommunen sine tettstadmidlar vil vi søke om mobile bodar til landsbylaurdagar, meir benker og bord i sentrum og støtte til landsbykonferanse.</p> | <p>Birte</p> |
| <p>4. Marknadsføring</p> <p>Det er behov for ein fast plass der vi kan henge opp store bannere når det t.d er festivalar i kommunen. Kan vi få til eit fast opphengssystem som gjere det lettare? Kan endeveggen på Heradshuset brukast?</p> <p>Kan vi elles få synleggjort langs innfartsvegane til Sandane sentrum når det er aktivitetar/festivalar/noko spesielt som skjer?</p> <p>Kva med vimplar på lyktestolpar i sentrum når det er noko som skjer? Korleis kan landsbylaurdag markerast på best muleg måte? Vert jobba vidare med til neste møte.</p> <p>Felles nettside som marknadsfører det å bu og leve i Gloppen er eit ønskje. Tidligare hadde vi gloppen.no. Denne er no lagt ned, og det har vore dialog mellom GN og kommunen om denne sida kan nyetablerast i eit samarbeid. Ser vi til Eid, har dei to nettsider – kommunen si heimeside som har fokus på tenester, og Eid inviterer som viser næringsliv og aktivitetstilbod i kommunen.</p> <p>Fram til det er gjort avklaringar om gloppen.no, brukar landsbyrådet kommunen si heimeside. Kanal for marknadsføring bør settast på agendaen i landsbyrådet.</p> | <p>Birte</p> <p>Knut Roger</p> <p>Knut Roger</p> |
| <p>5. Neste møte</p> <p>Neste møte i landsbyrådet vert 13. nov frå kl 16 – 19.</p> | |

Vennleg helsing

Birte Fossheim
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til

Jan Kåre Fure

Mottakarar

Bjarte Gangeskar

Hanne Bergliot Oftedal v/ Festivalforum

Ingvill Hestenes v/ Gloppen Næringsorganisasjon

Knut Roger Berge Nesdal

Leidulf Gloppestad

Roar Henden v/Representant grunneigarar

Solveig Lien Gusdal

Øystein Skinlo v/ Butikkgruppa